

PS 101-14 Evaluering av konkurranseutsetjing av reinhald på 3 vidaregåande skular – korrigert versjon

Notat til fylkesutvalet 20.05.2014, kostnadstabell

Fylkesordføraren har ovafor fylkesrådmannen påpeika at alle eit tilleggsspørsmål som var nevnt i fylkesutvalsmøte, ikkje var besvart i samband med utsendinga av saka. Det ein ønskte svar på var: Kva er totalkostnaden med reinhaldet ved dei 3 aktuelle skulane – før konkurranseutsetjinga og i perioden med konkurranseutsetjing.

Dette notatet er svar på dette spørsmålet.

Fylkesrådmannen legg med dette fram ein oppsummerande kostnadstabell for alle skulane i prøveordninga. Tabellen syner differansen og den økonomiske innsparinga avtalane har resultert i. For Årstad vgs og Bjørgvin vgs er kontraktkostnadene i perioden rekna mot kostnadene skulane tidlegare har rekneskapsført for eige reinhald. For Nordahl Grieg vgs som var ein ny skule då prøveordninga starta, har ein ikkje tidlegare rekneskapstal å samanlikna med. I modellen er difor kontraktkostnadene ved denne skulen samanlikna med tildelte budsjettmidlar som er stipulert å dekke kostnader ved fylkeskommunalt reinhald. Dei stipulerte budsjettmidlane vert rekna ut frå ein standard som tek omsyn til det arealet skulebygningane består av.

Kostnadsbiletet i modellen under tek ikkje høgde for kvalitet, fleksibilitet eller andre faktorar som spelar inn ved ei total økonomisk samanlikning av levert teneste før/etter konkurranseutsetjing. Dette må i særleg grad takast omsyn til når det gjeld Nordahl Grieg vgs.

Skule	Kostnader pr. år	Kostnader over 3 år
Nordal Grieg vgs		
Eigne reinhaldarar	2.700.000,-	8.100.000,-
Eksterne reinhaldarar	1.700.000,-	5.100.000,-
Sum differanse	1.000.000,-	3.000.000,-
Årstad vgs		
Eigne reinhaldarar	3.700.000,-	11.100.000,-
Eksterne reinhaldarar	3.500.000,-	10.500.000,-
Sum differanse	200.000,-	600.000,-
Bjørgvin vgs		
Eigne reinhaldarar	1.200.000,-	3.600.000,-
Eksterne reinhaldarar	700.000,-	2.100.000,-
Sum differanse	500.000,-	1.500.000,-

<i>Eigne reinhaldarar. Kostnad for alle 3 skulane</i>	<i>7.600.000,-</i>	<i>22.800.000,-</i>
<i>Eksterne reinhaldarar. Kostnad for alle 3 skulane</i>	<i>5.900.000,-</i>	<i>17.700.000,-</i>
<i><u>Totalsum:</u> Innsparing for alle 3 skulane ved eksternt reinhald</i>	<i>1.700.000,- (-22%)</i>	<i>5.100.000,- (-22%)</i>